ALVER
KOMMUNE

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Hanne Marie Evensen | 21.06.2021 |
| Vår: 21/2559 - 21/42865 | hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | |

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/802 Alver

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | etablere veg |
| Byggjestad: | Gbnr: 137/802 |
| Tiltakshavar: | Bolig & Eiendom AS |
| Ansvarleg søkjar: | Arkoconsult AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.03.2021.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vegrett over gbnr. 137/802 til gbnr. 137/204 må tinglysast før vi kan handsame søknaden.
2. Lengde – og tverrprofil på veg der lengde og plassering kjem tydleg fram.
3. Avstand til nabogrense frå veg må visast på situasjonskart.
   Minner om at det må vere minst 4 meter til veg og veggrøft tom. fylling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.07.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Hanne Marie Evensen<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSE N |
| Bolig & Eiendom AS | Stølen 26 | 5911 | ALVERSUND |